



Arbeidarpartiet v/Alexander Thunestvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/425 - 23/17091

Saksbehandlar:

Dagrun Revheim

dagrun.revheim@osteroy.kommune.no

Dato:

27.07.2023

## Kommunestyrevalet 2023 - vallister til partia og manntalsutskrift

Me har no mottatt vallistene til kommunestyrevalet 2023.

### **VALLISTER/RØYSTESETLAR TIL PARTIA:**

Det er bestilt inn slik partia melde tilbake om. Til dei partia som ikkje melde tilbake om kor mange røystesetlar/vallister dei ønskte, vart det bestilt inn 5000 lister.

### ***Me ber om at partia hentar sine lister snarast.***

Opningstid på rådhuset er måndag til fredag kl. 09.00 – 15.00, men det avtalast anna tid dersom dette ikkje passar.

### **MANNTALSUTSKRIFT TIL PARTIA**

Valforskrifta § 3 fastset at alle som stiller liste ved valet, har rett til eitt gratis eksemplar av manntalet. Det er eit krav at dei bestiller dette innan fristen som er sett.

### **Krav om manntalseksemplar må setjast fram innan 4. august 2023.**

Ansvarleg for utlevering av manntalet er valansvarleg i kommunen, Dagrun Revheim. Bestilling kan gjerast på e-post eller pr. telefon. Kontaktinformasjon finn de under.

Forslagsstillarane har ikkje krav på å få meir enn eitt eksemplar av manntalet. Det er likevel ikkje noko i vegen for at de kan få tilgang til fleire eksemplar, eller be om oppgåver over bestemte grupper av veljarar, men partia sjølve må då ta på seg kostnadene knytt til dette.

Manntalsutskrift og eventuelt anna materiell som byggjer på manntalet, kan berre brukast til politiske føremål. Det er ikkje høve til å overlata manntalet til utanforståande med mindre føremålet er politisk omarbeiding. Manntal skal ikkje nyttast til kommersielle føremål.

### ***Manntalet skal leverast tilbake til valstyret snarast etter valet og seinast innan to år.***

---

#### **Post**

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

#### **Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

Konto  
Org.nr. 864.338.712

**Kontaktinformasjon:**

Telefon jobb: 56 192163  
Mobiltelefon: 905 64 151  
E-postadresse: [dagrun.revheim@osteroy.kommune.no](mailto:dagrun.revheim@osteroy.kommune.no)

Med helsing

Dagrun Revheim  
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Mottakar:**

Arbeidarpartiet v/Alexander  
Thunestvedt  
Arbeidarpartiet v/Håkon Trovåg  
Hevrøy  
Framstegspartiet v/Alf Terje  
Mortensen  
Framstegspartiet v/Kim Andre  
Harteveit  
Høgre v/Hjalti Gislason  
Høgre v/Sebastian Haugland  
Industri- og næringspartiet v/Roy  
Husebø  
Industri- og næringspartiet v/Stian  
Torp  
Kristeleg Folkeparti v/Bjarte Aarland  
Kristeleg Folkeparti v/Kari Mjøs  
Norgesdemokratene v/Berit Fauske  
Norgesdemokratene v/Eileen  
Kreybu  
Raudt v/Ragnhild Kvifte  
Raudt v/Ronny Andre Sterri  
Senterpartiet v/Frode Flesland  
Senterpartiet v/Kjellaug Hartveit  
SV-Sosialistisk venstreparti v/Roy  
Jenssen  
SV-Sosialistisk Venstreparti v/Siv  
Tove Berg Holsen  
Venstre v/Kjersti Vevatne  
Venstre v/Vidar Pedersen

